



## Notat

Dato: 25.11.2015  
Arkivsak: 2014/10285-18  
Saksbehandlar: josfjer

---

<b>Til:</b>	Fylkesutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

### Sak 277/15 - FUV - universell utforming - Bergen katedralskole

I møte til fylkesutvalet 19.11.2015 i samband med behandlinga av PS 277/15 bad Tom-Christer Nilsen om følgjande:

«Ber om en nærmere vurdering av opplysningen om at bygging av 6 nye klasserom er nødvendig for universell utforming.»

Dimensjonering for Bergen Katedralskole vart godkjent i fylkesutvalet 29.01.2015, sak 15/2015. I forbindelse med rehabilitering og ombygging av Bergen Katedralskole, så skal det etablerast eit nybygg mellom hovudbygget og klasseromsbygget - mellombygget. Mellombygget skal ivareta universelt utforma tilkomst til dei to eksisterande bygga i tre plan, samt mot nedre del av skuleplassen. Vidare skal den vedtatte dimensjoneringa ivaretas i prosjektet totalt.

Plan 1 i mellombygget inneheld eit nytt eksponert og universelt utforma inngangsparti med heis til plan 2 og plan 3 samt bibliotek. På plan 2 og 3 er det i tillegg til gangsoner for universelt utforma tilkomst/samankopling av H-bygget og K-bygget etablert totalt 6 klasserom. Etableringa av dei seks klasseromma er nødvendig for å klara den vedtatte dimensjoneringa og dei kan etablerast med svært låg tilleggskostnad. Den låge tilleggskostnaden kjem av di det uansett må etablerast fundamentering for heile bygget for å ivareta funksjonar på plan 1 og fordi mengde yttervegg og tak ikkje vil bli redusert ved å utelata klasseromma. Basert på kostnadsoppstilling frå forprosjektet så vil anslagsvis meirkostnaden for etablering av klasseromma ikkje overstige 1 mill kroner pr klasserom. I tillegg vil det krevja ei vesentleg omprosjektering å utelata dei 6 klasseromma.

#### Vedlegg

- 1 0001A20001
- 2 0002A20001
- 3 0003A20001
- 4 0005A20001
- 5 0004A20001